

Fylkesvei 550 Herand-Utne.

Herand Bygdelag sende brev til rådgjevar Sigrid B. Handegard i juni om at ein bør starta opp den planlagde vegutbetringa på Bakkahaugane. Rådgjevaren har teke opp saka vidare i systemet. Bygdelaget tok seinare kontakt med prosjektleiar Rolf Harketstad i Statens Vegvesen. Synfaring fant stad tysdag 16. august.

Frå Bygdelaget møtte Sverre Haugen, Gerhard Bakke, Kjell Olav Samland og Ingrid Stranden Haavik. Frå vegvesenet møtte prosjektleiar Rolf Harketstad og byggeleiar Ole-Gisle Vassel. Ordførar Jon Larsgard møtte også opp for å støtta/målbera det lokale initiativet.

Rolf Harketstad såg på traseen og sa: ”dette må me starte opp snarast”. Dette var svært positive signal for Bygdelaget. Før turistsesongen 2012 bør veien vera ferdig utbetra.

Ein annan seksjon i Statens Vegvesen gav i august 2011 eit buss-skur til Bygdelaget. På den same synfaringa blei det også drøfta plassering av skuret. Leiaren i Bygdelaget starta med å fortelja om laget sine oppgåver i lokalsamfunnet og at det var naturleg for laget å engasjera seg i saka. Det var et svært positivt møte med Statens Vegvesen sine representantar.

Me takker Ordførar Jon Larsgard for at han tok seg tid til å prioritera Bygdelaget.

Dan Danielsen-tekst

Ole-Gisle Vassel bilde.





